

Bacheloroppgåve

## **Foreldresamarbeid**

Ei kvalitativ studie om foreldresamarbeid med  
fleirspråklege foreldre i barnehagen

Gro Anita Hellevik

Arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning  
BLUBA-A  
2017



HØGSKULEN  
I VOLDA

## Forord

Denne bacheloroppgåve er skriva på fjerde året barnehagelærerutdanninga, deltid, ved Høgskulen i Volda. Undersøkinga er ei kvalitativ studie der eg har forska på eit sentralt tema innanfor barnehagelæreryrket. Undersøkinga er forskingsbasert og den er sjølvstendig.

Det har vore ein tidkrevjande, men svært lærerik prosess. Eg vil takke barnehagane som eg fekk kome til å gjennomføre intervju mine. Ein stor takk til mine tre informantar som stilte opp til intervju og delte av kunnskapen sin med meg. Vidare vil eg takke mine kollegaer og medstudentar for oppmuntrande ord, latter og gode refleksjonar undervegs.

Vidare vil eg takke rettleiaren min Jostein de Presno Garcia for god rettleiing gjennom heile prosessen. Takk for gode råd og tilbakemeldingar som har vore til stor støtte i arbeidet mitt.

Til slutt ein spesiell takk til min mann og resten av familien, som har haldt ut med meg i denne perioden. Eg lovar å vere meir tilstade framover.

## Samandrag

Eit samarbeid med fleirspråklege foreldre kan vere utfordrande, der det verbale språket ikkje er likt mellom barnehagepersonalet og foreldra. Dette er noko eg har erfart sjølv frå praksis og som eg søker auka kunnskap om. Problemstilling for oppgåva er korleis barnehagen kan leggje til rette for eit godt foreldresamarbeid med fleirspråklege foreldre gjennom den uformelle dialogen?

Undersøkinga viser at det uformelle samarbeidet er sentralt for eit samarbeid med fleirspråklege foreldre, og har stor innverknad på det formelle samarbeidet. Utfordringar i samarbeidet kan ein finne både på makronivå, i det organisatoriske og på individnivå. Oppgåva tek føre seg tidlegare forskning og teori som viser både til utfordringar og gode erfaringar på eit godt fleirkulturelt samarbeid, med eit spesielt fokus på kommunikasjon, tillitsbygging og ressursperspektivet i eit fleirkulturelt samarbeid. I kommunikasjonsprosessen er Palludan sine tonar, kva tone ein har med foreldra, og Dahl sin kommunikasjonsteori i fokus, som seier at kjennskap til dei ein skal inngå i dialog med, viktig. Vidare vil tillit og haldningane til personalet vere sentralt i eit samarbeid. Gjennom refleksjon over eigne haldningar blir ein bevisst på korleis møte foreldra med eit ressursperspektiv.

For å samle inn data gjorde eg ein kvalitativ studie, der eg gjennomførte tre semistrukturerte intervju. Eg gjorde eit strategisk utval av informantar og intervjuar tre pedagogiske leiarar som jobbar i ulike barnehagar, der alle barnehagane har eit stort mangfald til felles. Informantane viste til erfaring og kunnskap frå praksis om korleis ein kan jobbe for eit godt foreldresamarbeid med dei fleirspråklege.

I drøftinga er tidlegare forskning og teori knytt saman med funn frå eiga undersøking. Drøfting viser at det er utfordringar i eit samarbeid, der språket ikkje er likt, men og korleis møte desse utfordringane. Dette gjennom god kunnskap om det fleirkulturelle og kjennskap til foreldra ein skal samarbeide med. Vidare viser undersøkinga at ein må setje av tid til fleirspråklege foreldre for å sikre forståing, og at bilete frå kvardagen til borna i barnehagen er gode hjelpemiddel i den daglege dialogen.

---

## **Innholdsliste**

<b>1.0 Innleiingskapittel</b>	<b>s. 5</b>
1.1 Tema	s. 5
1.2 Problemstilling	s. 6
1.3 Avgrensing og oppbygging av oppgåva	s. 6
1.4 Introduksjon og definisjon av sentrale omgrep	s. 7
<b>2.0 Kunnskapsgrunnlag</b>	<b>s. 8</b>
2.1 Samfunnsmandatet og politiske styringsdokument	s. 8
2.2 Det uformelle samarbeidet	s. 9
<b>2.3 Forsking</b>	<b>s. 10</b>
2.3.1 Palludan – undervisningstone og utvekslingstone	s. 10
2.3.2 Gode relasjonar	s. 11
2.3.3 Den fleirkulturelle barnehagen i rurale strøk	s. 12
<b>2.4 Teoretiske perspektiv på det uformelle foreldresamarbeidet</b>	<b>s. 13</b>
2.4.1 Kommunikasjon	s. 14
2.4.2 Tillitsbygging i det uformelle samarbeidet	s. 15
2.4.3 Mangfald som ressurs – haldningar i personalet	s. 16
<b>3.0 Metodekapittel</b>	<b>s. 17</b>
3.1 Kvalitativ forskingsmetode	s. 17
3.2 Intervju	s. 18
3.3 Datainnsamling	s. 18
3.4 Analyse av data	s. 19
<b>3.5 Validitet, reliabilitet og generalisering</b>	<b>s. 20</b>
3.5.1 Validitet	s. 20
3.5.2 Reliabilitet	s. 21
3.5.3 Generalisering	s. 21
<b>3.6 Forskingsetiske vurderingar</b>	<b>s. 21</b>

---

<b>4.0 Presentasjon av data</b>	<b>s. 22</b>
4.1 Kommunikasjon	s. 22
4.2 Tillitsbygging i det uformelle samarbeidet	s. 24
4.3 Mangfald som ein ressurs – haldningar i personalet	s. 25
<b>5.0 Drøfting</b>	<b>s. 26</b>
5.1 Kommunikasjon	s. 27
5.2 Tillitsbygging i det uformelle samarbeidet	s. 30
5.3 Mangfald som ein ressurs – haldningar i personalet	s. 31
<b>6.0 Konklusjon</b>	<b>s. 33</b>
<b>7.0 Litteraturliste</b>	<b>s. 36</b>
<b>8.0 Vedlegg</b>	<b>s. 38</b>
8.1 Informasjonsskriv	s. 38
8.2 Intervjuguide	s. 40
8.3 Oversiktsskjema for analyse av intervju	s. 42

---

## 1.0 Innleiingskapittel

### 1.1 Tema

Tema eg har valt for mi bacheloroppgåve er foreldresamarbeid i barnehagen med fleirspråklege foreldre. Eg har lite erfaring med dette emne frå eigen praksis, og den erfaring eg sit med er ikkje den beste. Eg har opplevd personale som vegrar seg for å inngå i dialog med foreldre der kommunikasjon er ei utfordring. Vidare har eg ei før forståing rundt samarbeid med fleirspråklege der personalet i barnehagen har meir kontakt og eit betre samarbeid med dei foreldre ein kjenner frå før og som det er lett å få kontakt med, og ikkje nødvendigvis dei foreldre som treng personalet mest.

Tema for undersøkinga mi er relevant då dagens samfunn er i ferd med å gå i frå det monokulturelle til eit meir fleirkulturelt samfunn. Dette ser ein og igjen i barnehagen, og vi har fått eit mangfald av ulike kulturar og språk i barnehagane. I følgje Statistisk sentralbyrå var det 46 000 minoritetsspråklege born i barnehagen i 2016, som då var 7% meir enn året før. Med minoritetsspråklege reknast alle med anna morsmål enn norsk, svensk, dansk, samisk og engelsk (Statistisk sentralbyrå, 2017).

Gjennom forskning ønskjer eg å få meir kunnskap om korleis møte dette språklege mangfaldet av foreldre på best mogleg måte. Undersøkinga skal auke kompetansen min på foreldresamarbeid der språk er ei utfordring og ta dette vidare ut i profesjonsutøvinga mi. Som det står i Stortingsmelding 41, *Kvalitet i barnehagen*, er den daglege dialogen mellom pedagog og foreldre viktig for at born skal ha god kvalitet i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2009, s. 36). Ut i frå dette ser ein at foreldra er ein viktig del av barnehagepersonalet sitt arbeid og for å få ein god relasjon med foreldra til borna sitt beste, vil eit godt samarbeid vere vesentleg. Eg viser til Glaser for å belyse kor viktig det er å ha foreldra med seg på laget. Glaser skriv at foreldresamarbeid er noko av det viktigaste ein gjer som pedagog. Born sin trivsel og utvikling i barnehagen heng saman med om foreldre sjølve føler på trivsel og har tillit til barnehagen (2016, s. 18).

## 1.2 Problemstilling

I haust kom den nye *Rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver*. Her kan ein lese at barnehagen skal sjå på mangfaldet som ein ressurs (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9). Dette har vore eit satsingsområde i den nye Rammeplan, og ressursomgrepet har fått eit større fokus enn i den gamle. Ut i frå egne erfaringar, Stortingsmelding 41 *Kvalitet i barnehagen* (2009) som viser til den viktige dialogen i kvardagen og det auka fokuset på mangfald som ein ressurs i den nye Rammeplan, har eg satt følgjande problemstilling for oppgåva mi :

*Korleis kan barnehagen leggje til rette for eit godt foreldresamarbeid med fleirspråklege foreldre gjennom den uformelle dialogen?*

Formålet med oppgåva er å få auka kunnskap om kva ein pedagogisk leiar kan gjere for å ha eit godt samarbeid med alle foreldre. Korleis samarbeide med foreldre der språket ikkje er det same og difor er ei utfordring. Kva erfaring har barnehagar rundt dette? Kva med personalet sine haldningar, korleis få med alle i arbeidet med å sjå på mangfaldet i barnehagen som ein ressurs og ikkje som eit problem? Dette er noko av det eg har sett nærare på i undersøkinga mi.

## 1.3 Avgrensing og oppbygging av oppgåva

Foreldresamarbeid er eit stort emne som inneber både det uformelle og det meir formelle samarbeidet i barnehagen. Denne oppgåva er avgrensa til den uformelle dialogen i kvardagen. Kva legg eg så i det uformelle samarbeidet? I dette ligg praten og informasjon som går føre seg i garderobesituasjon, til dømes ved levering og henting. Glaser definerer det uformelle som ikkje planlagde møter ved levering og henting. Ikkje-planlagde samtalar mellom foreldre og personale på ulike arrangement i barnehagen, til dømes dugnad eller foreldrecaffi (2016, s. 73). Undersøkinga vil ikkje kome noko meir konkret inn på kvar samtalar med foreldre kan oppstå, men generelt korleis jobbe for å ha god dialog med alle foreldre i kvardagen.

Først i oppgåva blir relevante omgrep for undersøkinga forklart nærare. Deretter til det uformelle samarbeidet og kva som ligg i dette. I oppgåva er det lagt vekt på tre ulike aspekt ved det uformelle samarbeidet. Desse er viktig då dei viser til sjølve dialogen og forutsetningar for å få til eit samarbeid. Først til kommunikasjon, sjølve samtaleprosessen mellom dei tilsette i barnehagen og foreldra. Vidare til det relasjonelle aspektet ved ein dialog, tillitsbygging til fleirspråklege foreldre. Så til ressursperspektivet og kva haldning ein har til eit fleirkulturelt foreldresamarbeid. Eit utgangspunkt for ein god dialog frå barnehagen si side er personalet sine haldningar i møte med fleirspråklege.

Opgåva tek vidare føre seg tidlegare forskning og relevant teori, og kva den seier om eit fleirspråkleg samarbeid. Det er mykje forskning og teori om samarbeid med fleirspråklege foreldre, men det er eit kunnskapshol og eit stort omfang av tidlegare forskning fokuserer på det meir formelle samarbeidet. Undersøkinga er bygd på relevant forskning som gir gode svar på korleis styrkje det uformelle samarbeidet. I oppgåva er det lagt vekt på teori og tidlegare forskning som viser både utfordringar og positive erfaringar rundt samarbeid. Deretter kjem undersøkinga inn på val av metode for å få svar på problemstilling. Vidare blir funn gjort i den kvalitative studien presentert. Så til drøfting av viktige funn og sjå dei opp i mot kva forskning og teorien frå kunnskapsgrunnlaget seier.

## **1.4 Introduksjon og definisjon av sentrale omgrep**

Her blir sentrale omgrep i oppgåva forklart og definert. Teori og politiske styringsdokument blir nytta for å belyse desse.

### **Fleirspråklege foreldre**

Omgrepet minoritetsspråkleg kan gi assosiasjonar til språklege manglar hjå borna og foreldra, medan omgrepet fleirspråkleg viser til ressursar og språkleg kompetanse (Sand, 2016, s. 28). Eg synes fleirspråklege er eit meir positivt lada ord som dreg inn ressursomgrepet. Ut i frå dette blir omgrepet fleirspråklege nytta i oppgåveteksten. I fleirspråklege ligg dei foreldre som ikkje har god norskspråkleg kompetanse og difor gir utfordringar i dialogen. Undersøkinga vil ikkje gå noko nærare inn på ulike språk eller kulturar i foreldregruppa.



## **Samarbeid**

Glaser skriv at foreldresamarbeid i første rekkje skal dreie seg om eit felles mål, barnet sitt beste (2016, s. 62). I Stortingsmelding *41 Kvalitet i barnehagen* definerast samarbeid som regelmessig kontakt der informasjon og grunngjeving utvekslast (Kunnskapsdepartementet, 2009, s. 36).

## **Kommunikasjon**

Dahl definerer kommunikasjon som noko vi nyttar for å skape eit fellesskap (2015, s. 56). Ulike måtar å knytte dette fellesskapet i menneskelege møter, er gjennom verbal kommunikasjon der vi kommuniserer gjennom ord, og nonverbal kommunikasjon der situasjon eller kroppsspråk er i fokus (2015, s. 55-56).

## **2.0 Kunnskapsgrunnlag**

I dette kapittelet vil oppgåva først ta føre seg samfunnsmandatet til barnehagen og kva det seier om foreldresamarbeid, og vidare til politiske styringsdokument. Så eit nærare syn på kva som ligg i det uformelle samarbeidet og kvifor det er eit viktig emne å lære meir om. Vidare kjem den inn på tidlegare forskning som viser utfordringar og gode erfaringar i eit samarbeid med fleirspråklege. Til slutt i kapittelet ser oppgåva på relevant teori som vil belyse problemstillinga.

### **2.1 Samfunnsmandat og politiske styringsdokument**

*Rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver* seier at barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeid og ein god dialog med alle foreldre i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29). Dette belyser at barnehagen er pålagt å samarbeide med alle foreldre, og kor viktig det er med eit godt samarbeid med fleirspråklege foreldre i barnehagen.

Vidare står det og i Barnehagelova at barnehagen skal samarbeide med alle foreldra. Den seier at i forståing med heimen skal ein ta vare på borna sine behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (Lov om Barnehager, 2005, § 1).

*Temaheftet om språkleg og kulturelt mangfald* fremjar og dialogen mellom pedagogar i barnehagen og foreldra. Det står at ein god dialog blir definert som maktfri og likeverdig, den har eit personleg språk og alle vert lytta til og anerkjend (Gjervan, 2006, s. 42). I temaheftet står det at gjennom kvardagssamtalar kan foreldre og personalet bli kjend og tryggje på kvarandre. Gjennom bevisst arbeid med å byggje tillit og gjensidig forståing for kvarandre i kvardagen, legg ein eit grunnlag for det meir formelle arbeidet, som foreldremøter og foreldresamtalar (2006, s. 46). Temaheftet trekkjer og fram tospråkleg personale som ein god kompetanse for å ta vare på dei fleirspråklege borna og foreldra (2006, s. 14). Viktige moment som viser kor viktig samarbeidet er, ikkje minst det uformelle samarbeidet.

I Stortingsmelding 41 *Kvalitet i barnehagen* blir det og lagt vekt på foreldresamarbeidet. Her står det at eit godt samarbeid mellom barnehage og foreldre er viktig for borna si utvikling, trivsel og læring. Vidare at barnehagen skal møte alle foreldre med openheit og ein skal leggje til rette for eit godt samarbeid (2009, s. 40).

Som samfunnsmandatet og lova viser til skal ein samarbeide med alle foreldre, uansett språkleg bakgrunn. Temaheftet viser til kor viktig den daglege dialogen med foreldra er.

Vidare i undersøkinga vil det uformelle samarbeidet bli vektlagt. Vi skal samarbeide med alle, men kva utfordringar kan samarbeidet gi og korleis møte desse for å leggje til rette for godt samarbeid i den uformelle dialogen?

## **2.2 Det uformelle samarbeidet**

For å belyse tema for undersøkinga vil det uformelle samarbeidet og kva som ligg i det bli teke føre seg her. Glaser viser kor viktig eit samarbeid er og ho skriv at også det uformelle samarbeidet er særskilt viktig for dei fleirspråklege foreldre. Gjennom samtalar og det å få vere i

barnehagen kan foreldre og personale verte tryggje på kvarandre (2016, s. 73). Drugli (sitert i Glaser, 2016, s. 66) skriv og om det uformelle foreldresamarbeidet, der dagleg kontakt og uformell prat om barnet med foreldra om kva dei har gjort i barnehagen dannar ein viktig base for vidare samarbeid. Eit godt samarbeid inneber ein god informasjonsflyt, ein god dialog og gjev moglegheit for å kunne medverke. Like viktig som det formelle er det uformelle, påpeikar Glaser (2016, s.73).

Dette viser kor viktig eit samarbeid med fleirspråklege foreldre i kvardagen er. Samstundes er det utfordringar i samarbeidet og den dagelege dialogen med fleirspråklege foreldre. Sand sine undersøkingar belyser dette, der personalet viste til at dei største utfordringane dei opplever i samarbeidet med fleirspråklege er når foreldre ikkje kan det norske språket. Her kom det fram at foreldra var raske i garderoben og viste lita interesse for å snakke med tilsette i barnehagen. På andre sida var det personalet som følte seg ukomfortabel i desse situasjonane og som vegra seg for å ta kontakt med foreldre dei synes det var vanskeleg å snakke med (2016, s. 109). Her blir og den uformelle dialogen vektlagt, og den viser at både foreldre og personalet vegrar seg for å inngå i dialogen. Vidare har personalet eit ansvar i samarbeidet og kvardagspraten legg eit grunnlag for dette samarbeidet med foreldra. Korleis kan ein da leggje til rette for ein god dialog med fleirspråklege foreldre? Ein skal samarbeide med alle foreldre, men som påpeika her kan eit samarbeid og by på utfordringar. Vidare vil ulik forskning bli sett nærare på for å belyse dette.

## **2.3 Forsking**

Her vil tidlegare forskning rundt foreldresamarbeid stå i fokus. Som forskning viser er det utfordringar i samarbeid med fleirspråklegeforeldre, der språket ikkje er likt. Men, der fins gode erfaringar om korleis løyse dette. Undersøkinga ser på forskning som viser begge sider ved eit samarbeid for å finne svar på problemstillinga.

### **2.3.1 Palludan – undervisningstone og utvekslingstone**

Charlotte Palludan har forska på utfordringar i foreldresamarbeidet og korleis personalet i barnehagen snakkar med dei fleirspråklege. Ho såg at personalet nytta ulike tonar i dialogen

med fleirspråklege born og foreldre, undervisnings- og utvekslingstone. I utvekslingstonen var det ein likeverdig dialog, utveksling av tankar, erfaring og kunnskap. Denne tonen nytta pedagogane saman med majoriteten i barnehagane. Hjø dei minoritetsspråklege derimot såg Palludan eit mønster som ho kalla undervisningstone. Den var prega av instruksjon og forklaring frå pedagogen si side. Dette prega foreldresamarbeidet og personalet myndiggjorde ikkje dei fleirspråklege foreldra. Dei hadde ikkje ei anerkjennande haldning og foreldra fekk lita moglegheit til å påverke og verte inkludert (Glaser, 2016, s. 111).

Korleis kan ein snu dette og få eit betre samarbeid i den uformelle dialogen? Der fins forskning som viser positive erfaringar. Foreldreutvalet for barnehagar [FUB] og Kunnskapsdepartementet har skriva eit ressurshefte saman, og dette heftet er meint som ein inspirasjon til korleis jobbe aktivt for å motverke tendensar Palludan fann, og fokusere på korleis personalet kan gje foreldra like samarbeidsmoglegheiter (2011, s. 6-7). Heftet viser til at mangfald i personalgruppa kan spegle foreldregruppa, og då skape grunnlag for forståing og samarbeid (2011, s. 7). Vidare at gjennom dialog blir foreldre kjend med barnehagen og vite kva den står for. Og på andre sida får personale utvide sine forståingar. Gjennom dette kan personale få gode dialogar i kvardagen med både foreldre som er lik ein sjølv, men og foreldre som har ulik tankegang og referanse enn seg sjølv (2011, s. 8). Dette viser at eit mangfald i personale som speglar igjen foreldra og borna i barnehagen kan styrkje samarbeidet. Vidare blir dialogen vektlagt for å auke kunnskapen om kvarandre, og skape forståing.

### **2.3.2 Gode relasjonar**

Vidare til ein artikkel som beskriv korleis ein barnehage har jobba for å betre samarbeidet med fleirspråklege foreldre, der dei har lagt vekt på heimebesøk før barnehagestart. Når språket ikkje er felles mellom barnehagen og foreldra, er det ekstra viktig med god relasjon, viser den til (Salamonsen, 2013, s. 62). Artikkelen viser vidare til informasjon frå barnehagen til foreldra. For at den skal vere forståeleg for alle nyttar barnehagen bilete og tekst på alle skriv til foreldre. Dei gir også munnleg informasjon der det trengs. Artikkelen viser at arbeidet har styrka foreldre si involvering i barnehagen. Personale har ei anerkjennande haldning i samarbeidet og har betre dialogar i kvardagen med foreldra om borna si læring, leik

og pedagogikk. Trygge foreldre som føre over dette til borna sine, som då får auka trivsel og eit godt læringsgrunnlag (2013, s. 62). Ut i frå dette viser artikkelen ein barnehage som har klart å finne metodar for å betre samarbeidet med fleirspråklege foreldre.

### **2.3.3 Den fleirkulturelle barnehagen i rurale strøk**

Dette er ei forsking rundt den fleirkulturelle barnehagen. Ein rapport frå denne forskinga var spennande å sjå nærare på, då den viste til ulike moment i samarbeid med fleirspråklege. Først at minoritetsspråklege foreldre kan oppleve å ikkje verte lytta til i samarbeidet med barnehagen (Andersen, Gitz-Johansen, Engen, Kristoffersen, Obel, Sand & Zachrisen, 2011, s. 93). Vidare står det at dette kunne kome av at personale følte at dei mangla kompetanse for samarbeid med minoritetsspråklege. Eit resultat av denne forskinga var at personale ønska meir kunnskap og kompetanse for å møte det fleirkulturelle (Andersen et. al, 2011, s. 115). Vidare auka kunnskap og innsikt hjå personalet i korleis minoritetsforeldre opplever det å vere foreldre i Noreg, og korleis samarbeide med foreldre med ulike verdiar og kulturelle bakgrunnar (2011. s. 92-93). Meir kompetanse og auka kunnskap om foreldra er viktige funn i denne forskinga.

Noko interessant som og kom fram var at i det uformelle samarbeidet, som i garderobesituasjon, var det mest praktisk informasjon som vart snakka om. Dei viste også til utfordringar i den dagelege dialogen med foreldre, der personale var usikre på om foreldra forstod det som vart sagt. Dette førte til at personale vart meir reservert ovanfor desse foreldre (Andersen & Sand, 2012, s. 24).

Ut i frå denne forsking har det kome ut ei bok som viser praktiske endringar barnehagar har gjort i samarbeid med foreldre. Sentrale metodar er dokumentasjon og bruk av bilete som hjelpemiddel for å styrkje samarbeidet der det verbale språket er ulikt. Målet var å synleggjere det pedagogiske innhaldet i kvardagen og skape eit betre samarbeid og auka forståing mellom barnehagen og dei fleirspråklege foreldre (Andersen & Sand, 2012, s. 24).

### *”Dagens bilde”*

Barnehagen val ut eitt eller to bilete som viste kva dei hadde gjort på denne dagen, og det var utgangspunkt for samtale ved henting i garderobe. Barnehagen jobba mykje med refleksjon i arbeidet. I forkant korleis styrkje samarbeidet, men og undervegs i arbeidet med dokumentasjon. Kva bilete som ville vere gode som dokumentasjon (Andersen & Sand, 2012, s. 24-26). Aamodt og Hauge støttar og denne forsking, og bruk av dokumentasjon som metode. Gjennom bilete får ein eit grunnlag for dialog med foreldra (2013, s. 78). Dei har fleire moment for å styrkje samarbeidet, som er interessant. Først involvering av foreldra. Gjennom å vise foreldre kva ein arbeider med, som prosjekt eller temaarbeid, får dei innsikt og auka kjennskap til det borna gjer i barnehagen, og kan vere med på å medverke (2013, s. 81). Deretter viser dei til fleirspråklege assistentar. Ved å kunne foreldre sitt morsmål, kan dei hjelpe foreldre med å forstå og bli forstått i barnehagen (2013, s. 82). Til slutt trekkjer dei fram språkets verdi. Om barnehagen viser interesse for ulike språk presentert i foreldregruppa, vil dei ha ei anerkjennande haldning for foreldre og born. Dei viser til ein barnehage som ville lære seg korte fraser som ”hei” eller ”god dag” på ulike språk, for da å kunne ønskje velkommen om morgon på foreldra sitt morsmål (2013, s. 85).

Forsking viser at ein likeverdige tone i dialogen er viktig for eit samarbeid der fleirspråklege foreldre blir meir inkludert. Vidare viser forsking at personalet i barnehagen søker utvida kunnskap om fleirspråklege foreldre. For å ha ein god dialog er kunnskap og god kjennskap om foreldra viktig. Eit mangfald i personalgruppa kan spegle igjen mangfaldet i foreldregruppa, og ut i frå det leggje eit grunnlag for samarbeid og forståing. Barnehagar som viser til godt samarbeid har vektlagt heimebesøk, og informasjonsskriv frå barnehagen med både tekst og bilete for å sikre at foreldre forstår og blir inkludert. Til slutt viser forsking at den praktiske informasjonen blir vektlagt i det uformelle samarbeidet. Dokumentasjon, som bruk av bilete, kan vere ein metode for å inkludere dei i det pedagogiske innhaldet.

## **2.4 Teoretiske perspektiv på det uformelle samarbeidet**

Vidare vil undersøkinga vise ulike teoretiske perspektiv for å belyse korleis samarbeide med fleirspråklege foreldre i kvardagen. Først kommunikasjonsteori, og deretter tillitsbygging i det

uformelle samarbeidet. Til slutt haldningar til personalet, det å sjå på mangfaldet av språk i foreldregruppa som ein ressurs.

### 2.4.1 Kommunikasjon


God kommunikasjon er viktig for eit godt samarbeid, og difor til eit teoretisk perspektiv på kommunikasjon først.

I kommunikasjon er det ein sendar som skal formidle eit budskap til mottakar. Her vil det vere viktig at både sendar og mottakar forstår budskapen på same måte (Sand, 2016, s. 114).


Eit mykje nytta bilete på kommunikasjon er å byggje ei bru. Ei bru binde saman to breiddar, og ein nyttar kommunikasjon for å skape eit fellesskap mellom desse breiddene.

Kommunikasjon mellom menneske som kjenner kvarandre godt kan ein kalle ein intrakulturell kommunikasjon (Dahl, 2015, s. 80). Menneske med svært ulik bakgrunn vil ha større vanskar med å forstå kvarandre, som foreldre i barnehagen med ulik bakgrunn og språk enn personalet. Denne kommunikasjonen kan ein kalle interkulturell. Avstanden mellom desse kommunikasjonsformene kan ein kalle ein kulturavstand (Dahl, 2015, s. 78-79).

Modell over overgangen frå intrakulturell til interkulturell kommunikasjon (Dahl, 2015, s. 79).



Intrakulturell



Interkulturell

Interkulturell kommunikasjon dreier seg om mellommenneskeleg kommunikasjon.

Interkulturell kommunikasjon har som mål å redusere usikkerheit. Ved å kjenne kulturane til

dei ein kommuniserer med best mogleg, vil det vere lettare å tenkje seg til eller sjå for seg korleis foreldra oppfattar situasjonen (Dahl, 2015, s. 85).

Fleirspråklege foreldre er ulike, og ein kan ikkje setje dei i ein bås berre på grunnlag av kulturell bakgrunn og språk. Ein må sjå på kvar enkelt mor og far, og korleis best kommunisere med dei. Gjennom å kjenne bakgrunn og ha eit personleg forhold, og ein god relasjon, vil ein leggje til rette for god kommunikasjon og vidare godt samarbeid.

#### **2.4.2 Tillitsbygging i det uformelle samarbeidet**

Å ha tillit hjå foreldra blir trekt fram som viktig for godt samarbeid. Glaser seier at tillit er bærebjelken i eit samarbeid. Ho viser til Skjervheim (1996) som seier at tillit ikkje er noko ein kan kreve, men noko ein får om fortent (2016, s. 118). Vidare er Becher relevant, då ho og trekkjer fram det uformelle samarbeidet som viktig. Småprat i kvardagen i garderobe der pedagog viser interesse for barnet og foreldre, kan vere ein god arena for å skape denne tilliten mellom foreldre og barnehagen (2014, s. 68). Vidare viser Spernes og Hatlem til erfaring som seier at all informasjon gitt direkte er best for å sikre seg at den blir forstått. Foreldra må sjå at dette er eit viktig og sentralt arbeid (2014, s. 256). Om foreldre og blir invitert inn på avdelinga, får dei eit innblikk i barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar. På andre sida blir personale kjend med foreldra og får kjennskap i kva som er viktig for dei (Glaser, 2016, s. 73).

Vidare kan tillitsomgrepet sjåast saman med det å myndiggjere foreldre. For å belyse dette viser undersøkinga til Shultz – Jørgensen (1996) i Becher og at ressursorientering og myndiggjering av foreldre inneber at dei blir respektert, deira ytringar blir teken på alvor og foreldra kjenner at dei er verdifulle samarbeidspartnerar (Becher, 2014, s. 78). I barnehagen bør det vere eit mål om eit foreldresamarbeid som myndiggjer foreldra. Dei skal bli møtt med positive forventningar og ha moglegheit for å aktivt delta og påverke (Sand, 2016, s. 90). Foreldre får tru på seg sjølv i foreldrerolla gjennom personalet si stadfesting, støtte og anerkjenning (2013, s. 64). Ein viser dei tillit i samarbeidet og dette er eit viktig grunnlag for godt samarbeid. I denne samanheng vil det og vere relevant å sjå på Antonovsky og omgrepet han utvikla, *sense of coherence*. I dette legg han det å sjå mening og samanheng i tilværet. I samarbeidet med foreldre vil det seie å bekrefte kor viktig foreldre er for borna båe heime og i



barnehagen. Det er dei som kjenner borna best, og difor viktig at vi har ein god dialog med foreldra for å kunne gje borna ein god barnehagekvardag (Glaser, 2016, s. 67).

### **2.4.3 Mangfald som ressurs - haldningar i personalet**

Haldningane til personalet vil og vere relevant å sjå nærare på i denne samanheng. Korleis kan personalet sine haldningar fremje samarbeidet med foreldre? Her blir ressursomgrepet frå Rammeplan (2017) som vist til tidlegare trekt fram. Korleis sjå på samarbeid med fleirspråklege foreldre som ein ressurs?

I ei ressursorientert tilnærming til foreldresamarbeid ser personalet på foreldra som ein ressurs. Ein er mindre oppteken av problem og vanskar i samarbeidet, men har eit ønskje om å støtte foreldra i foreldrerolla. Denne tilnærming vil kunne bidra til myndiggjering av foreldre (Sand, 2016, s. 105). Det motsette vil vere å sjå på mangfaldet som eit problem, ei problemorientert tilnærming. Kjenneteikn kan då vere at borna og foreldra må tilpasse seg barnehagen og ikkje omvendt (Gjervan, Andersen & Bleka, 2012, s. 90) Då barnehagen i dag har vorte meir fleirkulturell må eit mål vere at mangfaldet i språk og kultur skal vere det normale i barnehagen. Vidare at mangfaldet blir sett på som noko positivt, ein ressurs (Sand, 2016, s. 45). Sand viser til ei dansk forskning som er relevant her. Ein barnehage som jobba bevisst for å snu om perspektivet, der dei såg på innvandrarfamiliar som eit problem. I staden for å ha fokus på manglar hjå dei minoritetsspråklege foreldra, stilte dei spørsmål om korleis få foreldra meir involvert i barnehagen, og vidare korleis få foreldra til å forstå informasjon og beskjedar frå barnehagen. Dette skifte frå fokus på person til forhold og relasjonar kan gjere at personalet i større grad ser endringspotensiale ved eigen praksis (2016, s. 98).

Fleirspråklege foreldre er like ulike som norsk talande foreldre. Kunnskap om bakgrunn til foreldre kan vere eit bindeledd for godt samarbeid. I artikkelen til Krogstad blir det trekt fram at pedagogar i barnehagen har lite kunnskap om mangfaldet i barnehagen og difor ikkje har eit godt samarbeid til fleirspråklege foreldre. Det blir vist til at personalet ikkje har nok eller riktig kompetanse rundt fagområda etikk, religion og filosofi. Vidare at pedagogar i liten grad speglar igjen mangfaldet i samfunnet vårt (Krogstad, 2014, s. 62-63). Som vist til tidlegare i

oppgåva viser ressursheftet at mangfaldet skal sjåast igjen i barnehagen (FUB & Kunnskapsdepartementet, 2011, s.7). Gjervan, Andersen Bleka skriv og om fleirspråklege assistentar. At dei kan ha kjennskap til minoritetsspråklege foreldre sin bakgrunn og språket, og ut i frå det lette samarbeidet (2012, s. 80). Dette vil og vere eit ressursperspektiv på mangfald i foreldresamarbeid, og difor eit relevant perspektiv å ta med i undersøkinga.

Forsking og teori i kunnskapsgrunnlaget viser til viktige og sentrale moment for korleis ha eit godt samarbeid i kvardagen med fleirspråklege foreldre. Først har ein dette med kommunikasjon, kor viktig det er å ha kjennskap til dei ein skal inngå i dialog med. Vidare til kva haldning ein har i samarbeidet med dei fleirspråklege foreldra. Så viser den til kor viktig det er å ha tillit frå foreldra for å kunne styrkje samarbeidet. Denne teori og forskning vil saman med funn frå den kvalitative undersøkinga munne ut i ei drøfting om korleis betre samarbeidet i kvardagen med fleirspråklege foreldre. I neste kapittel vil undersøkinga mi bli nærare presentert. Der vil eg ta føre meg metoden eg har nytta og etiske forutsetningar rundt ei kvalitativ forskning.

### **3.0 Metodekapittel**

I dette kapittelet blir metoden som vart nytta i undersøkinga presentert. Metoden er reiskapen min i møte med det eg undersøkte. Den hjelpte meg med å samle informasjonen til undersøkinga for å finne svar på problemstillinga mi (Dalland, 2015, s. 112).

#### **3.1 Kvalitativ forskingsmetode**

I eit kvalitativt forskingsintervju er målet å få tak i den ein intervjuar sine egne skilnader av tema (2015, s. 153). Ut i frå dette falt valet mitt på kvalitativ studie gjennom semistrukturert intervju for å finne svar på problemstillinga mi.

Eg val å intervju tre barnehagelærarar for å få deira erfaring og kunnskap rundt det uformelle foreldresamarbeid. Eg gjorde eit strategisk utval av informantar der eg val å intervju pedagogiske leiarar i tre ulike barnehagar. Det dei hadde til felles var at alle barnehagane har mange fleirspråklege familiar. Dette var bevisst for å få fram erfaring og kunnskap dei sit med frå praksis. Før sjølve intervjurunden gjorde eg ei pilot undersøking med ein medstudent for å

trene meg på intervju som metode. Eg var nervøs og spent før intervjuet, og ein gjennomgang letta litt på nervøsiteten.

### **3.2 Intervju**

Formålet med eit kvalitativt forskingsintervju er å få tak i den eg intervjuar si eiga beskriving av livssituasjonen informanten er i (Dalland, 2015, s. 153).

Eg reiste ut i barnehagar og møtte informantane personleg. Eg byrja intervjuet med å spørje om enkle fakta spørsmål om barnehagen og informanten sjølv. Dette for å lette på stemninga, men og for å gje informant ei kjensle av tryggleik og tillit, og for å lette på nervøsiteten min. Eg nytta bandopptakar under intervju for å hugse alt som informantane fortalte. Eg opplevde at sjølv med ein intervjuguide hende det at samtalen spora over på mindre relevante opplysningar frå informanten, enn det som gjekk på sjølve oppgåva mi. Dette har nok med at det er min første gong som forskar og intervjuar. Eg erfarte at eg skulle vore flinkare å spørje meir om konkrete svar frå informantane. Likevel sit eg igjen med relevante funn frå intervju som eg ikkje ville ha fått om eg var meir strukturert og formell, eller gjennom å nytte ein kvantitativ metode. Kvalitativt intervju var god metode for oppgåva mi der eg fekk gode dialogar med informantane og mykje god erfaring dei satt på frå eigen praksis.

### **3.3 Datainnsamling**

Eg tok kontakt med fleire barnehagar der eg visste dei hadde ein stor del fleirspråklege born og foreldre. Eg sendte ut eit informasjonsskriv med presentasjon av meg og tema. Slik fekk informantane kjennskap til tema utan at dei visste akkurat kva spørsmål eg ville stille dei. Dette var bevisst frå mi side, då eg ville ha personlege svar og tankar frå informantane, og ikkje at dei skulle lese seg opp og svare ut i frå kva teorien seier. Eg informerte både i skrivet og før sjølve intervjuet om at eg som student har teieplikt og at alle informantar vart anonymisert i oppgåva. Eg fekk raskt svar frå informantar som kunne tenkje seg å stille til intervju. Informantane eg nytta jobbar i tre ulike barnehagar som ligg i to forskjellige kommunar. Det dei har til felles er det store mangfaldet.

Eg vil her presentere kort dei tre informantane mine. Eg har koda dei som **P1**, **P2** og **P3**. Desse kodane vil eg og nytte i analyse og drøfting.

**P1.** Har lang fartstid i barnehagen. Personleg erfaring med det fleirkulturelle der informant har budd i utlandet i fleire år, og har familierelasjonar som ikkje er etnisk norsk. Kommunal barnehage.

**P2.** Informant som er relativt nyutdanna. Starta som assistent der ho hadde ansvar for fleirspråklege born. Fekk då kurs gjennom fylket om korleis møte dei fleirkulturelle familiane. Barnehagen er privat eigd.

**P3.** Pedagog med lang erfaring. Barnehagen er kommunal og kallar seg ein fleirkulturell barnehage. Opp i mot tjue ulike nasjonar presentert på ei av avdelingane.

### **3.4 Analyse av data**

Å analysere data eg har fått gjennom intervju vil seie eit granskingsarbeid der utfordringa er å finne ut av kva materiale mitt har å fortelje meg (Dalland, 2015, s. 144).

Etter intervjuet var ferdig byrja transkripsjonsarbeidet. Dette var ein tidtakande, men viktig prosess. Analysearbeidet mitt vart enklare å gjennomføre etter transkribering. Eg skreiv ned intervjuet på nynorsk, dette vil vere med på å bevare anonymiteten til informantane mine. Å redusere, forenkle og finne meining i kvalitativ forskning, som eit transkribert intervju, er utfordrande. Koding er første steg i prosessen, der eg reduserte eit stort datamateriale til tema eller kategoriar som var relevant for problemstilling. I analysen fann eg det viktigaste innhaldet i intervjuet for å finne kva som er signifikant for å belyse tema mitt (Nilssen, 2012, s. 32). Eg laga meg eit skjema med intervju spørsmåla mine som ulike tema, og satt inn svar frå informantane rundt desse tema. Dette gjorde arbeidet meir oversiktleg, og eg kunne samanlikne eller sjå skilnader hjå svar frå informantane. (sjå vedlegg nr. **8.3**). Desse tema vil gå igjen i analysen og drøftinga. Dette for å gjere presentasjon av data oversikteleg.

## 3.5 Validitet, reliabilitet og generalisering

Her blir undersøkinga sin gyldigheit og relevans reflektert over.

### 3.5.1 Validitet

Omgrepet validitet står for relevans og gyldigheit. Var data eg fekk med informantane relevant for problemstillinga (Dalland, 2015, s. 120)?

Eg prøvde å finne teori og forskning som ikkje var for gammal, men oppdatert og relevant for arbeid i dagens barnehage. Intervju av informantar var ein god metode for å få erfaring og kunnskap frå praksisfeltet. Eg utvikla intervjuguide saman med rettleiar der eg har jobba med spørsmål for å få best mogleg svar. Spørsmåla mine var opne og eg hadde oppfølgingsspørsmål undervegs. Nervøsitet og uklare spørsmål kan påverke situasjonen negativt. Prøvde sjølv å ikkje vere nervøs og at ikkje det skulle påverke arbeidet mitt. Praten gjekk lettare i intervju to og tre, då eg hadde fått litt erfaring og ikkje var så nervøs på førehand.

Informantane fekk ikkje spørsmål på førehand då eg ville ha personlege svar frå informantane, og ikkje svar som dei hadde lese seg til. Eine informanten ville derimot ha spørsmåla før intervjuet. Då eg ikkje ville miste denne personen som informant, fekk informanten tilsendt hovudtrekk på kva spørsmåla dreidde seg om på førehand. Slik ordna det seg for både meg og informant. Spørsmål eg stilte under intervju var relevante for oppgåva. På andre sida erfarte eg at informantane kom fort inn på det formelle samarbeidet under intervju. Gjennom oppfølgingsspørsmål fekk eg vinkle dei inn på det uformelle, som er det undersøkinga har fokus på. Eg fekk gjennom intervjurunden erfaringar frå praksis som eg kunne nyte i analyse og drøfting. Før forståinga mi kan føre til at eg tolkar svar frå informantane ut i frå denne. Eg prøvde å vere objektiv under intervjuet for ikkje å påverke informantane mine.

### 3.5.2 Reliabilitet

Vidare vil eg ta føre meg reliabilitet, som går på om spørsmål eg stilte til informantane var relevante, for å gje meg gode svar på problemstilling. Det går og ut på kor nøyaktig eg har vore i arbeidet mitt (Dalland, 2015, s. 120).

Eg har sikra mi truverdigheit gjennom å samla inn datamaterialet mitt på ein truverdig måte. Eg har informert informantane godt på førehand og undervegs i prosessen. Vidare transkriberte eg alle intervju og anonymiserte desse i teksten min. Eg har skrivne ned gongen i arbeidet mitt der eg har skildra og forklart gjennomføring av datainnsamlinga, og vidare korleis eg har gjennomført analysen og tolka funna mine.

### 3.5.3 Generalisering

Generalisering inneber at eg går i frå det spesielle eg har funne i forskinga mi og sjå om eg kan ta med erfaringar og lærdom frå arbeidet vidare (Dalland, 2015, s. 146).

Svar eg fekk med informantane mine gjeld for desse barnehagane, informantane sine praksiserfaringar og deira tankar rundt emnet. Dei er ikkje representantar for alle pedagogiske leiarar i barnehagane i Noreg. På andre sida er kunnskapen eg har fått gjennom arbeidet av verdi for meg som komande barnehagelærar, og kan gi døme på gode og verdifulle erfaringar frå praksis i møte med det fleirkulturelle. Undersøkinga peikar på kor viktig den uformelle dialogen er, og dette vil gjelde generelt, og ikkje berre i mi undersøking. Vidare viser undersøkinga utfordringar i samarbeidet, som kan vere relevant for andre barnehagar, ikkje berre for dei eg var og intervju i. Som spørjeundersøking er ikkje funna mine generaliserbare, men som merksemd mot styrkjer og svakheiter i det uformelle samarbeidet kan den vere det.

## 3.6 Forskingsetiske vurderingar

Dette handlar om å ta vare på personvernet og sikre at forskingsresultatet mitt er truverdig. Kva etiske utfordringar kan arbeidet medføre og korleis handtere desse (Dalland, 2015, s. 95). Etske vurderingar og ryddig bruk av personopplysningar er viktig i oppgåveskriving og

forskning, og for å ivareta eit godt forhold til informantane som stilte opp og delte av eigne erfaringar (2015, s. 95).

Eg sendte ut informasjonsskriv til barnehagane på førehand så informantane kunne lese om si deltaking i undersøkinga. Informantane vart informert om teieplikt både i skriv og under sjølve intervjuet. Eg la og vekt på at dette var frivillig og at dei kunne trekkje seg frå arbeidet når dei måtte ville utan nokon grunn. Eg spelte intervju inn på bandopptakar på mobilen min. Det var mykje sensitiv informasjon å ha liggande, men den er passordbeskytta, og ingen utanom eg kan passordet. Etter intervju transkriberte eg og anonymiserte intervjuet. Når dette arbeidet var gjort, sletta eg intervjuopptaka. Datainnsamlinga mi har eg på eiga datamaskin, men dei e anonymisert og maskina er passordbeskytta. Ein måte å anonymisere var å skrive det på nynorsk og ikkje informantane si dialekt. Intervjuet kan ikkje sporast tilbake til verken informantane eller barnehagane, og det kjem heller ikkje fram personlege opplysningar om informantane i verken intervju eller i oppgåva.

## 4.0 Presentasjon av data

I denne delen av oppgåva blir funn frå eiga forskning presentert. Funn som er relevante å sjå på opp i mot problemstillinga. Som tidlegare nemnt er informantane anonymisert, og eg kallar dei **P1**, **P2** og **P3** i oppgåveteksten. I presentasjonen av funna mine har eg lagt særskilt vekt på å trekkje ut opplysningar knytt til dei tre områda eg ser på og å strukturere funna mine under desse tre områda.

### 4.1 Kommunikasjon

Alle informantane kjente seg igjen i utfordringar rundt dialogen med fleirspråklege foreldre. Når eg spurde korleis kommunisere med foreldre der ein ikkje har same verbalspråk, nemnte **P1** og **P2** dette med bilete og konkreta som gode hjelpemiddel. **P1** viste til praktisk erfaring med bruk av nøkkelkort med ulike motiv på som eit vellykka hjelpemiddel. Der dei nytta bilete av ulike klede, rom i barnehagen og andre praktiske motiv. **P3** derimot sa at dei snakka tydeleg og sakte norsk. **P3** sa at dette er noko dei jobbar med, men ikkje noko meir konkret enn det enkle språket. ”Det er dette med å snakke tydeleg norsk, så det er det vi gjer. Når du

ikkje kan språket deira så er det ikkje så mykje anna du kan gjere da. Viktigaste er at dei får vite om barnet har det bra eller ikkje”(P3).

Når eg spurte informantane mine om det uformelle samarbeidet, trekte alle tre fram det praktiske først, kva klede borna treng og liknande. Eg spurte vidare korleis dei arbeidde for å få fram det pedagogiske innhaldet i den uformelle dialogen. Kva tankar hadde informantane mine rundt det? Her trekte alle òg fram bilete eller konkreta som hjelpemiddel. Dei viste og til dagstavle i garderobe der dei kan hengje bilete. **P1** sa at denne har vore mest for borna, men at den kunne vere nyttig for å inkludere foreldra i kvardagen. **P3** viste og til bruk av dagstavle der dei skriv om dagen og heng opp bilete. Det kom fram at dei bruker mest tekst, men sa vidare: ”Men, eit bilete kan seie ganske mykje.. ” (P3). **P2** nemnde at dei store borna kan sjå på bilete saman med foreldra og forklare bilete på deira språk, saman med personale.

Alle informantane kjente igjen utfordringane i å vite om foreldre har forstått skriftleg informasjon frå barnehagen. Eit døme var der dei møter opp på planleggingsdagar når barnehagen er stengd. At det då er viktig å ta seg tid og prøve å forklare det munnleg for å sikre at alle foreldre forstår. **P3** viste til tips frå ein anna barnehage der det vart brukt bilete ved sidan av teksta på til dømes invitasjon til foreldrekaffi eller møte. Vidare påpeika **P3** at ved bruk av bilete så skal dette vere for alle foreldre, det skal vere ein del av normalen til barnehagen. ”Ikkje at nokon skal verte støtt av at eg skal teikne til deg, men ikkje til andre” (P3).

Vidare viste **P3** eit anna aspekt, dette med tid, at det ikkje alltid er tid til å setje seg ned i garderoben. **P3** la vidare vekt på at når ho ser at foreldre ikkje forstår, er det viktig å ikkje gje opp, men prøve på nytt. Informanten ønskjer då å få fram for foreldra at det var informant som ikkje forklarte seg godt nok, det var ikkje dei som ikkje forstod. Vidare nemner både **P2** og **P3** at dei nyttar ulike språk på skriv frå barnehagen, språk på foreldra sine morsmål for å auke foreldra si forståing av innhaldet. Informantane viste då til tema morsmål sidene til NAFO, der det ligg malar på ulike skriv ein kan ha nytte av, som til dømes innkalling til foreldrekaffi eller møter, på ulike språk. Desse har informantane nytta seg av ved fleire høve. ”Det tek meir tid, men er så viktig om det kan vere til hjelp” (P2).



Eg spurte informantane om dei har fleirspråklege assistentar i barnehagen. **P1** svarte nei, men dei hadde hatt det tidlegare. Vidare at dette hadde vore nyttig for auka forståing i samarbeidet, men kommunen hadde ikkje prioritert dette no. **P2** og **P3** hadde fleirspråkleg assistentar i barnehagane, men ikkje bevisst opp i mot enkelte born og ikkje bevisst mot språk nytta i barnehagen. **P2** meinte og det var nyttig i samarbeid der språket er utfordrande. Dei kan inngå i dialogar eller setje over i informasjonsutveksling. **P3** viste på andre sida utfordringar ved fleirspråklege rundt språkproblem. At ein må stille krav til dei også om god nok norsk språkkunnskap. Dette for ikkje å få unødige språkproblem og misforståing i samhandling med foreldre. Informanten trekte fram at ein ikkje kan ha ei innstilling om at alle kan jobbe i barnehagen. Informanten påpeika at ein må setje litt språkkrav til personale som er fleirspråklege og.

Under intervjuet kjem dette med tolk i barnehagen fram. Informantane viste til at dette er ikkje så mykje nytta, og at det ikkje vil vere relevant i det uformelle samarbeidet, difor vil eg ikkje leggje noko meir vekt på dette her.

## 4.2 Tillitsbygging i det uformelle samarbeid

**P1** la vekt på å byggje opp tillit til foreldre som vesentleg i eit samarbeid. For å oppnå dette sa **P1** at det er viktig å gje av seg sjølv og vere litt personleg. **P1** trekte fram personleg erfaring, og då kunnskap om det fleirkulturelle som viktig for å skape tillit. Informanten har sjølv budd i utlandet og har familie som ikkje er etnisk norsk, og nyttar denne kunnskapen i samarbeidet. Vidare viste **P1** til dette med tid. Ein må berekne å bruke meir tid på dei fleirspråklege. At foreldra kan få vere i barnehagen og sjå korleis ein har det, og då bli kjend med barnehagen.

Det å invitere foreldre inn på avdelinga nokre dagar, det trur eg er veldig nyttig. Du klarar ikkje forklare alt, men då får dei sjå med egne auger. Då trur eg det er større sjanse for at dei tør å spørje oss spørsmål (**P1**).

Vidare sa **P1** at ein uformell tone i det uformelle samarbeidet er noko **P1** hadde god erfaring med. Sjå humoristisk på barnehagen sin praksis, forstå at den kan virke rar for enkelte

foreldre. Eit døme her var det å søve ute i all slags vêr. Dette var noko alle informantane tok fram som eit punkt dei fleirspråklege ser på som svært annleis. Vise forståing for at dette kan virke rart og skremmande.

**P2** og **P3** snakka vidare om å kjenne foreldra der dei er og få kunnskap om foreldre sin kulturelle bakgrunn. **P3** viste til erfaring der foreldre tok med seg borna og gjekk ved henting i barnehagen, utan å snakke med nokon av personalet. Då pedagog tok opp dette, fortalde foreldra at dette var dei ikkje vane med frå heimlandet. Der skulle dei ikkje vere til bry. Barnehagen hadde ikkje fått kjennskap til dette om ikkje pedagog hadde inngått i dialog og viste vilje til å betre samarbeidet med foreldra. **P1** viste til det å lese seg opp om foreldra sin kulturelle bakgrunn eller religion for å bli betre kjend og auke forståing om foreldra. Dette snakka **P2** også om, for å få eit samarbeid prega av gjensidig tillit. ”.. ein må på ein måte ha forståing for dei, same som vi føler at dei skal ha forståing for oss” (**P2**).

Barnehagepersonalet blir og kanskje utfordra til å gå lenger i den i den uformelle kontakta enn ein er vane med i Noreg. Informant **P1** sa at dei har opplevd ved fleire høve å bli invitert heim til fleirspråklege foreldre, og at ein kan takke ja til ein slik invitasjon i garderoben for å betre samarbeidet. **P1** hadde sjølv vore på middag med ein familie frå barnehagen. Eit kjekt besøk som styrkja relasjonen mellom informant og familien, men òg familien sin tillit og relasjon til barnehagen.

### **4.3 Mangfald som ein ressurs – haldningar i personalet**

Alle informantane jobbar i barnehagar med eit stort språkleg og kulturelt mangfald. **P1** og **P2** viste til både personleg erfaring og kompetanse frå kurs rundt det fleirkulturelle som positivt i samarbeidet. Dei påpeika at ein kan nytte personelege erfaringar og gje litt av seg sjølv for å auke tilliten og styrkje eit samarbeid. Vidare at kompetanse og auka kunnskap gjorde at informant **P1** og **P2** hadde ei interesse for det fleirkulturelle, og såg på dette med samarbeid med fleirspråklege som viktig og som ein ressurs. **P2** sa at lang erfaring og kunnskap rundt det fleirkulturelle har ført til god forståinga og gode haldningar hjå personale. Vidare sa **P2** at

det er informanten si rolle som pedagogisk leiar å vise øvrig personale gode haldningar og korleis vere ein rollemodell.

**P3** viste til kor viktig det er å ikkje gje opp og ikkje skygge unna foreldre i garderoben som ikkje snakkar norsk eller der du ikkje veit kva du skal seie. Informanten viste til ei praksiserfaring om ein far frå eit anna land med anna morsmål. Han følte seg uglesett i garderoben i barnehagen då ingen tok kontakt med han. Han såg dei snakka så mykje meir og betre med andre foreldre enn med han. **P1** viste til at det er viktig å vere open for at andre gjer ting på ein anna måte. Vise forståing for dette, utan at ein konkluderer med å gjer det same.

**P2** og **P3** viste til erfaringar med nokre foreldre frå enkelte kulturar som berre ville snakke med sjefen, og ikkje med assistentane i barnehagen. Begge informantane viste til same framgangsmåte her. Ha forståing for at dei ønskjer å snakke med ein leiar i barnehagen, at dette ser dei på som viktig. Og vidare vite at det ikkje er noko personleg, men kva utdanning og yrkestittel ein har. **P2** sa at det er viktig å ikkje gje opp, men prøve igjen. **P3** sa at foreldre blir vist vidare til ein pedagog eller styrar, og så det same som **P2** om å ikkje gje opp og vite kva som ligg bak. Vere imøtekommande, så kanskje tilliten kom etterkvart.

Til slutt rundt dette med tillit i samarbeidet spurde eg korleis få fram gode haldningar i personalgruppa og her kom refleksjonsarbeid fram. Alle informantane snakka om refleksjonsarbeid over eigen praksis for å betre samarbeidet og få fram ressursomgrepet. **P3** trekte fram personalmøte eller avdelingsmøte som gode arenaer for refleksjon over eigen praksis. Vidare viste **P2** til at det er pedagog sitt ansvar å vise gode haldningar og vere ein rollemodell for øvrig personale.

## 5.0 Drøfting

I dette kapittelet vil eg drøfte funn med teorien frå kunnskapsgrunnlaget mitt. Utgangspunktet for drøftinga er problemstillinga for oppgåva mi:

---

*Korleis kan barnehagen leggje til rette for eit godt foreldresamarbeid med fleirspråklege foreldre gjennom den uformelle dialogen?*

Først til kommunikasjon i samarbeidet, utfordringar og korleis løyse desse. Vidare til tillit i samarbeidet, for så til slutt å sjå på haldningane til personalet i eit fleirkulturelt samarbeid.

## **5.1 Kommunikasjon**

Alle informantane viser til utfordring i dialogen med foreldre der språket ikkje er det same. Vidare viser informantane til det å skaffe seg kunnskap om foreldra som grunnlag for dialogar i garderoben ved levering og henting. Dette står i samsvar med kommunikasjonsmodellen som viser at det er viktig å kjenne foreldre for å kommunisere betre (Dahl, 2015, s. 79). Gjennom dialog med fleirspråklege foreldre byggjer vi i barnehagen bru mellom foreldre sine ulike språk og kulturar, og barnehagen. Ein går då i frå ein interkulturell kommunikasjon, til ein intrakulturell kommunikasjon når ein verte kjend med kvarandre (Dahl, 2015, s. 74-75). Forsking (Andersen, Engen, Gitz-Johansen, Kristoffersen, Obel, Sand & Zachrisen, 2011), Ressursheftet *Hjem - barnehage* (FUB & Kunnskapsdepartementet, 2011), og (Glaser, 2016) viser og at kunnskap om foreldre er viktig for å betre samarbeidet. Ressursheftet viser til god kjennskap til foreldra for ein gjensidig dialog. Der foreldre bli kjend med barnehagen og personale blir kjend med foreldra (FUB & Kunnskapsdepartementet, 2011, s.8). Den kunnskapen barnehagelærarane får gjennom utdanninga er eit steg på vegen, men ikkje nok. Det er bra å lære om hovudtrekk av ulike religionar og kulturar, men kanskje ikkje den kunnskapen går ned på det individnivå som trengs for å tryggje personalet til dialog i det daglege samarbeidet. Som det står i Krogstad er det forskjell på formell kunnskap om religion eller kultur, og ha reell kompetanse på korleis jobbe i barnehagen og møte fleirkulturelle foreldre (2014, s. 62). Dette viser at konkret kunnskap om foreldra ein skal samarbeide med er viktig. Det å setje seg inn i bakgrunnen deira og lese seg litt opp på førehand om foreldra ein skal samarbeide med, er essensielt for eit godt samarbeid.

Både temaheftet (Gjervan, 2006), ressursheftet (FUB & Kunnskapsdepartementet, 2011) og (Andersen, Gjervan & Bleka, 2012) trekkjer fram eit ønskje om å sjå igjen mangfaldet blant

personalet i barnehagane. Dette for å leggje til rette for eit godt samarbeid og auke forståing mellom fleirspråklege foreldre og barnehagen. Både **P1** og **P2** hadde erfaringar rundt dette, og viste til positive erfaringar rundt bruk av fleirspråklege assistentar. At dei kan styrkje samarbeidet gjennom språkforståing og ein får ein betre dialog. Som tidlegare vist til er forståing av foreldre sin bakgrunn og kultur viktig (Krogstad, 2014). Informant **P1** viser til at det er kommunen som bestemmer om dei skal få midlar til bruk av fleirspråklege assistentar. Dette hadde dei ikkje i barnehagen no, men hadde hatt det tidlegare. Økonomi og prioriteringar spelar tydelegvis ei viktig rolle i integreringa. Kunnskap om kva som trengs er der, men ikkje den politiske vilja til å følgje dette opp.

Alle tre informantane trekkjer fram praktisk informasjon i det uformelle samarbeidet, og dette står i samsvar med forskinga om den fleirkulturelle barnehagen (Andersen & Sand, 2012, s. 24). Då både mine funn og tidlegare forskning viser til dette, kan det vere ein indikator på at det er det praktiske som blir prioritert i den uformelle dialogen. I forsking om den fleirkulturelle barnehagen var dokumentasjon og bruk av bilete eit verktøy for å styrkje samarbeidet, og få fram det pedagogiske innhaldet i den uformelle dialogen (Andersen & Sand, 2012, s. 24). Mine informantar trekte og fram bruk av konkretar og bilete for å styrkje samarbeidet. Informantane nytta dagstavle med bilete i kvardagen, men ikkje bevisst for foreldra. Ut i frå undersøkinga kan det å nytte dagstavla opp i mot foreldra med både tekst og bilete frå dagen, vere ein måte å inkludere foreldra i kvardagen på og vidare styrkje den uformelle dialogen.

Som Rammeplan seier skal vi ha ein god dialog og samarbeide med alle foreldre (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29). Vil ein dialog som berre tek føre seg kva klede borna må ha i barnehagen vere er ein god dialog? Dette er sjølvsagt viktig, men for at foreldra skal få ei innsikt i kva borna gjer på og lærer i barnehagen, vil ein uformell dialog om det pedagogiske innhaldet leggje føring for eit samarbeid som og styrkjer borna si læring og utvikling, som Barnehagelova seier barnehagen skal, i samarbeid med foreldra (Lov om Barnehager, 2005, § 1).

Informant **P3** viste derimot til det å nytte eit enkelt språk for at foreldre skal forstå. Informanten la i dette enkle forklaringar og korte beskjedar. Dette er interessant i lys av Palludan, og det enkle språket som kan føre til Palludan sin "undervisningstone" (Glaser, 2016, s. 111). Enkle forklaringar frå barnehagen si side legg kanskje ikkje til rette for eit godt samarbeid der foreldre blir involvert i dialogen. På andre sida er det ei konkret hjelp i ein krevjande situasjon. Undersøkinga kan tyde på at bruk av bilete som grunnlag for dialog kan føre ein bort i frå undervisningstonen og i mot ein utvekslingstone, sjølv om ein nyttar eit enkelt språk for å auke forståinga vil bilete styrkje tonen, og ein kan få ein dialog rundt bilete med foreldra. Vidare vil borna sjå at foreldra blir meir involvert i barnehagekvardagen, og det kan det føre til auka trivsel for borna. Som Stortingsmelding 41 *Kvalitet i barnehagen* viste til, er foreldresamarbeid viktig for barna sin barnehagekvardag (2009, s. 40). Kan det å ha eit bilete å støtte seg på gjere det lettare for personalet å ta kontakt med foreldra og ikkje skygge unna, som Sand viste til (2016, s. 109)? Og vidare gjere så foreldra ønskjer å stoppe i garderoben å inngå i ein dialog med dei tilsette i barnehagen? Slik fleire av informantane påpeika, kan dette sjå ut til å ha ein positiv innverknad på samarbeidet.

**P3** sa dei ville byrje med å ha både tekst og bilete på skriv til foreldra, etter tips frå ein anna barnehage, for å gjere skriva heim meir forståelege for alle. I artikkelen til Salamonsen viste dei til dette som eit vellykka grep for å betre samarbeidet (2013, s. 62). Vidare påpeika informant **P3** til å sikre at skriv blir forstått gjennom munnleg dialog. Det å setje seg ned å gå igjennom skrivet med foreldra. Dette blir og lagt vekt på i artikkelen (2013, s. 62). På bakgrunn av undersøkinga vil det vere viktig å halde fram behovet for å setje seg ned i garderoben og gå igjennom informasjonsskriv saman med foreldra. Dette vil og vise ei ressursorientert haldning og ein myndiggjer foreldra ved å vise kor viktig det er at dei forstår, jamfør Antonovsky sin sense of coherence (Glaser, 2013, s. 67). At ein ønskjer at dei skal vere involvert og at dei er viktig for barna sin trivsel i barnehagen (Becher, 2014, s. 68).

Vidare til Spernes og Hatlem som seier at informasjon gitt direkte er den sikraste måten å kommunisere på. Papir og skriv heim kan fort forsvinne og ein kan ikkje vite om det vert lest og forstått. Foreldre må få ei forståing av at samtale mellom personale og foreldra er ein sentral del av samarbeidet, og at ein ikkje ser på dette som eit problem (2014, s. 256). Før det er for seint, og ein opplever det som fleire av informantane uttrykte, der foreldre ikkje hadde

forstått innhaldet. **P3** viser kor viktig det er å ikkje skylde på foreldra om dei ikkje forstår, eller vise negative haldningar om dette. **P3** var klar på at det da var pedagogen som ordla seg feil, det var ikkje foreldra som ikkje forstod. Ei haldning som viser forståing i foreldresamarbeidet, ei ressursorientert haldning, og ikkje motsett der dei er problemet, ei problemorientert haldning (Sand, 2016, s. 105).

På andre sida kan ikkje all informasjon bli gjeven berre munnleg, men å dele ut skriv med både tekst og bilete, gjerne på foreldra sitt morsmål som informantane mine viste til, gjer så dei kan forstå innhaldet. Her vil språkets verdi som Aamodt og Hauge peika på som viktig i samarbeidet kome inn. Gjennom å nytte morsmål til foreldra på informasjonsskriv frå barnehagen, viser ein anerkjennande haldning for mangfaldet (2013, s.85). Dette i tillegg til skilt med velkomen på ulike språk eller å lære seg korte fraser på alle språk som er presentert i barnegruppa, som Aamodt og Hauge også viser til for å anerkjenne foreldra ein skal samarbeide med (2013, s. 85). Desse moment samstundes som ein tek seg tid i garderoben og sikrar seg at foreldra har forstått, legg ein eit grunnlag for forståing og god kommunikasjon mellom foreldra og barnehagen.

## 5.2 Tillitsbygging i det uformelle samarbeidet

Så over til tillit til foreldra i samarbeidet, og korleis opparbeidde seg denne tilliten. Eit sentralt moment som kjem til uttrykk i undersøkinga er nytte av personlege erfaringar i møte med det fleirkulturelle. **P1** viste til personleg erfaring i samarbeidet og sa at det var med på å styrkje samarbeidet og relasjon mellom **P1** og foreldra. Både forskning (Andersen, Engen, Gitz-Johansen, Kristoffersen, Obel, Sand & Zachrisen, 2011) og Krogstad (2014) viste til at personalet mangla kunnskap om fleirspråklege. I undersøkinga kjem det fram at både personleg kjennskap og auka kompetanse gjennom kurs og anna, kan leggje eit grunnlag for godt samarbeid. Vidare kan ein sjå dette i samanheng med mangfald i personalgruppa som både ressursheftet (2011, s. 7) og Gjervan, Andersen og Bleka (2012, s.68) trekkjer fram. Eit personale med personleg kjennskap til det fleirkulturelle kan setje seg inn i fleirspråklege foreldre sin situasjon, til dømes korleis det er å kome til eit nytt land med ukjend språk og anna kultur. Vidare viser **P1** til kunnskap om kulturell og religiøs bakgrunn til foreldra som viktig i samarbeidet. Her vil Krogstad vere relevant, der ho peika på at pedagogane følte dei

mangla kunnskap om familiene sin bakgrunn og difor vegra seg for å ta kontakt (2014, s. 62-63). Personleg kjennskap og betre kunnskap, om det er frå kurs eller anna formell utdanning, eller frå kunnskap som ein les seg opp på sjølv når ein veit kven foreldra er og kvar dei kjem i frå, vil gje grunnlag for tema ein kan nytte seg av i den uformelle dialogen.

Vidare trekkjer **P1** fram det å invitere fleirspråklege foreldre inn i barnehagen for å bli betre kjend. Dette samsvarar med Glaser som viser til å invitere foreldra inn kan vere med på å styrkje samarbeidet (2016, s. 73). Informant **P1** fortalde kor viktig det er å setje av meir tid til fleirspråklege. Eit samarbeid der språket er ei utfordring og ein nyttar seg av til dømes bilete for å auke forståinga, vil nok ta meir tid. Samstundes viste **P3** til dette med mangel på tid i barnehagen. Undersøkinga viser kor viktig eit samarbeid med alle er og dette blir ei prioriteringssak om kven som treng personalet mest. Ei mor som ein kjenner godt og snakkar med dagleg, eller ei mor som ein ser leverar og hentar utan dialog med personale? Ofte vil dei personlege preferansane kome i strid jamfør det ein veit er viktigast, og det gjeld å prioritere rett, også i den uformelle dialogen.

Vidare viste informant **P1** at å ta imot invitasjonar heim til fleirspråklege kan skape ein tillit mellom barnehagen og foreldra. Artikkelen til Salamonsen viste til god erfaring med heimebesøk før barnehagestart (2013, s. 62). Undersøkinga viser på andre sida at ein og kan gjennomføre besøk etter at borna har byrja i barnehagen for å styrkje samarbeidet. Om dette er eit ønske frå foreldra så viser undersøkinga at eit besøk i heimen kan betre relasjon mellom barnehagen og foreldra. Eit besøk kan auke tilliten mellom foreldre og barnehagen, og gje ein meir å prate om i garderoben i ettertid. Som temaheftet viser til kan tillit i det uformelle leggje god føring for vidare samarbeid (Gjervan, 2006, s. 46). Gjennom godt samarbeid og ein god, uformell tone i det daglege, der barnehagen har blitt godt kjend med foreldra, og omvendt, vil det vere lettare å samarbeide om det meir formelle.

### **5.3 Mangfald som ressurs – haldningar i personalet**

Som nemnd tidlegare viser mine funn at det er positivt for samarbeidet at personalet har erfaring og kunnskap om det fleirkulturelle. Informantane seier at lang erfaring har gitt dei



auka forståing og gode haldningar opp i mot det fleirkulturelle. **P3** kom med eit godt døme som belyser essensen rundt tema, ein far som ikkje følte seg inkludert. Barnehagen skal samarbeide og inkludere alle foreldre i følgje samfunnsmandatet vårt (Kunnskapsdepartementet, 2017). Det er ikkje noko vi kan velje bort for det er vanskeleg. Sjølv om foreldra ikkje tek kontakt med personalet, er det barnehagen si oppgåve å leggje til rette for eit godt samarbeid. Denne faren såg nok ikkje på seg sjølv som ein ressurs i samarbeidet då ingen tok kontakt med han. I eit ressursorientert syn på mangfald er det barnehagen som skal endre seg og møte foreldra der dei er, og ikkje omvendt. Ved å vise forståing og vere lydhøre for foreldra legg ein til rette for eit godt samarbeid (Gjervan et al., 2012, s. 65).

Å nytte fleirspråklege assistentar blir trekt fram som å sjå på mangfaldet som ein ressurs (Gjervan et al., 2012, s. 68). Informantane mine viser og til fleirspråkleg personale som ein ressurs opp i mot språk og kultur, men ingen hadde fleirspråklege assistentar bevisst for enkelt born. Likevel vil eit personale med ulik bakgrunn vise eit mangfald, sjølv om ikkje det er retta mot enkelte. I ressursheftet *Hjem – Barnehage* står det at mangfald i personalgruppa kan vere med på å skape eit godt grunnlag for forståing og samarbeid (FUB & Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 7). Dette står og i samsvar med temaheftet som seier at ein vil sjå igjen mangfaldet i samfunnet i barnehagen (Gjervan, 2006, s. 14). I eit samarbeid der ein er oppteken av gjensidigheit, vil det vere viktig å ta med foreldre i den daglege kommunikasjon (FUB & Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 8). Informantane viser til at fleirspråklege assistentar kan vere med på å styrkje den daglege dialogen. På andre sida viste **P3** ei utfordring rundt dette, om assistentane ikkje har godt språk og dette fører til misforståing. På bakgrunn av undersøkinga trekkjer eg inn ressursomgrepet som viser kor viktig fleirspråklege assistentar er for dei fleirspråklege, og vidare at dei kan styrkje samarbeidet med fleirspråklege foreldre. Ut i frå dette er fleirspråklege assistentar noko som burde prioriterast. Så vil det vidare vere opp til pedagogisk leiar å vidareformidle ovanfor øvrig personalet kvifor dei er så viktig i barnehagen, rundt dei fleirkulturelle borna og foreldra.

I **P3** sin påstand der informantene seier at det ikkje er noko anna å gjere enn å snakke sakte norsk, synes **P3** å vise ei problemorientert haldning til samarbeidet (Gjervan et al., 2012,

s.90). Vidare kjem informanten med andre utsegn som viser ei anna tilnærming til mangfald. Der **P3** til dømes seier at mangfaldet i barnehagen er positivt. Som informantane påpeika var dei oppteken av det fleirkulturelle og hadde mykje erfaring, men lærte stadig av eigen praksis og erfaringar. Eit interessant funn som alle informantane trekte fram då var refleksjonsarbeid for korleis møte mangfaldet i barnehagen. Refleksjon over eigen praksis på eit personalmøte kan gi god føring for korleis møte foreldre i garderoben ved neste høve. Dette er eit viktig poeng som eg vil tilrå og ta med meg vidare. Refleksjon kom og fram i tidlegare forskning (Andersen & Sand, 2012, s. 24). Visar vidare til Rammeplan som seier at barnehagen skal vere ein lærande organisasjon (Kunnskapsdepartementet, 2017), og refleksjon over seg sjølv og arbeidet ein gjer er lærerikt. Dette i samsvar med Sand som viser til å sjå på eigen praksis og korleis endre eller betre den, i staden for å sjå på foreldre som ikkje forstår som eit problem (2016, s.98). Ein vil då nytte mangfaldet som ein ressurs og lærer av det for å utvikle ein betre praksis. I garderoben ved levering og henting er det alle i personalet som møter foreldra, både pedagogar og assistentar. Ut i frå dette vil refleksjon på avdelingsmøte eller personalmøte der alle er samla, vere ein god arena for å vidareformidle og lære av praksis. Korleis ein best mogleg kan møte mangfaldet av foreldre og inngå i ein dialog med alle.

I hovudtrekk viser drøftinga at god kunnskap og kjennskap til foreldregruppa er viktig for å ha eit godt uformelt samarbeid. Vidare vil bruk av dokumentasjon som bilete i den uformelle dialogen vere til god nytte. Ein ser at personalet sine haldningar kan påverke samarbeidet med foreldra. Refleksjonsarbeid over eigen praksis er nyttig metode for å få fram gode haldningar til det fleirkulturelle og vidare sjå på mangfaldet som ein ressurs. Gjennom eit ressursperspektiv på samarbeid med dei fleirspråklege, legg ein til rette for ein dialog prega av tillit og forståing, og eit godt samarbeid i kvardagen.

## **6.0 Konklusjon**

I denne oppgåva har eg prøvd å finne svar på korleis ein best kan samarbeide med fleirspråklege foreldre i kvardagen. Eit viktig emne å sjå nærare på da samfunnet og barnehagen har vorte meir fleirkulturell.

Undersøkinga viser at den uformelle dialogen i kvardagen er viktig. Gjennom god dialog føler fleirspråklege foreldre seg sett og ein styrkjer relasjonen mellom dei og barnehagen. Eit godt uformelt samarbeid legg eit grunnlag og føring for det meir formelle. Vidare vil eit samarbeid med foreldra auke trivselen til borna i barnehagen, så eit godt foreldresamarbeid spelar direkte inn på borna sin barnehagekvardag. Undersøkinga stadfestar kor viktig det er å samarbeide med alle foreldre, og syner tydeleg kven av foreldra i garderoben som treng tida til personalet mest.

Undersøkinga viser og utfordringar i den uformelle dialogen, og desse fins på eit vis på ulike nivå. På makronivå har vi kommuneøkonomi. Undersøkinga viser mangel på fleirspråklege assistentar og ein går då glipp av å betre den uformelle dialogen. Vidare til utfordringar på organisasjonsnivå, om barnehagane prioriterer og har eit fokus på kommunikasjon med fleirspråklege. Her vil det og vere opp til kvar enkelt, om ein søker til dei ein kjenner godt eller utfordrar seg sjølv og jobbar for ein god dialog med alle foreldre. Dette viser korleis emne angår både barnehagen som organisasjon, og kvar enkelt tilsette.

Undersøkinga viser vidare at det praktiske blir vektlagt når det gjeld det uformelle samarbeidet og dialogen i kvardagen. Vidare har undersøkinga vist at bruk av bilete som dokumentasjon er nyttig for dialogen i kvardagen, og er eit godt hjelpemiddel i foreldresamarbeidet med fleirspråklege. Det å nytte eit bilete i garderoben kan auke foreldra sin kjennskap til det pedagogiske innhaldet i barnehagen, i tillegg til den praktiske informasjon.

Gjennom funn i undersøkinga ser ein at kjennskap til foreldra er eit godt grunnlag for dialogen i kvardagen. Dette vil seie at ein må setje seg inn i bakgrunn til foreldra, både den språklege og den kulturelle. Auka kunnskap om foreldra betrar dialogen. Det vil vere lettare for personalet å ta kontakt og vidare vil foreldra kjenne på tillit, der personalet har eit ønskje om å bli kjend. Vidare viser undersøkinga kor viktig det er å nytte personleg erfaring i samarbeidet. Dette vil leggje eit godt grunnlag for eit samarbeid prega av tillit og gjensidig forståing.

---

Undersøkinga viser til korleis ha eit ressursperspektiv på eit fleirkulturelt samarbeid. Fleirspråkleg personale er ein viktig del av det å møte det fleirkulturelle som ein ressurs. Dei kan med kunnskap om foreldra sin bakgrunn og språket vere med på å styrkje dialogen i kvardagen. Eit mangfald i personale som speglar igjen samfunnet og familiane som er presentert i barnehagen er eit ønskje frå høgare hald. På tross av dette viser undersøkinga mi at dette ikkje er prioritert i kommunane der eg har vore og intervjuet.

Vidare er haldningane til personale rundt eit samarbeid viktig. Refleksjon over eigen praksis og tankegang er nyttig opp i mot foreldresamarbeidet, og å sjå på det fleirkulturelle som ein ressurs. Gjennom felles refleksjon kan ein auke forståing hjå personalet og skape ein betre tone med alle foreldre i den uformelle dialogen i kvardagen.

Til slutt vil eg ta med eit sitat frå eine informanten min, som viser eit godt døme på eit ressursperspektiv i eit foreldresamarbeid med dei fleirspråklege foreldra:

Det er så viktig å kunne vise til borna og ikkje minst til foreldra deira at vi alle er ulike og at det er positivt. Det er ikkje du som er annleis, det er vi alle som er forskjellige. Og, det er så bra **(P2)**.

## 7.0 Litteraturliste

- Aamodt, S., & Hauge, A – M. (2013). *Snakk med oss. Samarbeid med foreldre, barnehage og skole i et flerkulturelt perspektiv*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Andersen, C . E., Engen, T. O., Gitz-Johansen, T., Kristoffersen, C . S., Obel, L. S., Sand, S., & Zachrisen, B. (2011). *Den flerkulturelle barnehagen i rurale områder*. (Høgskulen i Hedmark, rapport nr. 11, 2011). Henta frå <https://brage.bibys.no/xmlui/handle/11250/133970>
- Andersen, C. E., & Sand, S. (red.). (2012). *Utforsking av flerkulturelle praksiser i barnehagen. Idéhefte med erfaringer, refleksjoner og ideer fra forskingsprosjektet "Den flerkulturelle barnehagen i rurale strøk"*. Vallset: Oplandske Bokforlag.
- Barnehageloven. (2005). *Lov om barnehager (Barnehageloven)*. Henta frå [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64#KAPITTEL_2)
- Becher, A. A. (2014). *Flerstemmig mangfold: Samarbeid med minoritetsforeldre*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Dahl, Ø. (2015). *Møter mellom mennesker. Innføring i interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS. Modell henta frå <https://ndla.no/nb/node/56453>
- Dalland, O. (2015). *Metode og oppgaveskriving (5 utg.)*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Foreldreutvalget for barnehager, & Kunnskapsdepartementet. (2011). *Hjem – barnehage. Et ressurshefte for foreldre og personalet om samarbeid*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

---

Gjervan, M. (2006). *Temahefte om språklig og kulturelt mangfold*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

Gjervan; Marit, Andersen, Camilla Eline, Bleka, Målfrid (2012). *Se mangfold!* (kap. 4 s. 61-84). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Glaser, V. (2016). *Foreldresamarbeid Barnehagen i et mangfoldig samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

Krogstad, K. (2014). *Høytidsmarkering i barnehagen*. Tidsskriftet FoU i praksis, 8(2), 51-69.

Kunnskapsdepartementet. (2009). *Kvalitet i barnehagen*. (St. meld. nr. 41, 2008-2009). Oslo: Departementet. Henta frå <http://www.fubhg.no/getfile.php/1811663.1843.wvpdscvpdex/Ressursheftet+Hjem+-+barnehage.pdf>

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.

Nilssen, V. (2012). *Analyse i kvalitative studier. Den skrivende forskeren*. Oslo: Universitetsforlaget. Kap. 4, 5 og 7 (55 s.).

Salamonsen, L. (2013). Gode relasjoner – grunnlaget for inkludering. *Barnehagefolk 3*. (62-63). NAFO. Henta frå [http://nafo.hioa.no/wp-content/uploads/2013/10/Barnehagefolk\\_0313\\_Gode-relasjoner.pdf](http://nafo.hioa.no/wp-content/uploads/2013/10/Barnehagefolk_0313_Gode-relasjoner.pdf)

Sand, S. (2016). *Ulikhet og fellesskap. Flerkulturell pedagogikk i barnehagen*. Vallset: Oplandske Bokforlag AS.

Spernes, K., & Hatlem, M. (2014). *Den flerkulturelle barnehagen i bevegelse. Teoretiske og praktiske perspektiv*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Statistisk sentralbyrå. (2017). *Barnehager, 2016, endelige tall*. Henta frå

<https://www.ssb.no/utdanning/statistikker/barnehager/aar-endelige/2017-03-21>

## 8.0 Vedlegg

### 8.1 Informasjonsskriv

#### **Samtykke erklæring ved innsamling og bruk av person opplysningar til forskingsformål**

Prosjektansvarleg: \*\*\*\*\* , bachelor student ved Høgskulen I Volda.

Rettleiar: \*\*\*\*\*

E - post \*\*\*\*\*

Eg studerer Arbeidsplassbasert barnehagelærer utdanning ved Høgskulen i Volda. Har no kome til siste studieåret og er i det høve ute etter informantar som eg kan intervjuje til mi bachelor oppgåve.

Prosjektet mitt har som tema foreldresamarbeid mellom barnehagen og fleispråklege foreldre. Bakgrunn for val av tema er at dette er noko eg ønskjer å lære meir om og kunne nytte i mi profesjonsutøving.

---

Eg ønskjer å intervju pedagogiske leiarar i ulike barnehagar for å få tankar og erfaringar du som pedagogisk leiar og barnehagen har gjort seg rundt dette emne.

Eg har satt følgjande problemstilling for oppgåva mi:

*Korleis kan barnehagen leggje til rette for eit godt foreldresamarbeid med fleirspråklege foreldre gjennom den uformelle dialogen?*

Gjennomføring av intervju:

Gjennomføring av intervju vil ta ca. 30 minutt og eg vil nytte eit semi strukturert intervju. Eg er ute etter informantane sine erfaringar opp i mot tema, og vil ikkje stille ledande spørsmål. Intervjuet vil eg ta opp på min mobiltelefon då eg ikkje har diktafon tilgjenge. Etter intervjuet vil eg transkribere det og når det er gjort vil intervjuet verte sletta. Eg som student har teieplikt, så det vi pratar om og all informasjon eg får gjennom intervju vil verte anonymisert i oppgåva mi, og vil difor ikkje kunne sporast tilbake til deg som informant eller til barnehagen du jobbar i.

Frivillig deltaking:

Deltaking i prosjektet er frivillig og eg vil presisere at du når som helst kan velje å trekkje deg frå arbeidet eller be om å få trekkje tilbake informasjon som vart gjeven under sjølve intervjuet.

Før intervjuet vil eg be om eit samtykke frå deg i deltakinga ved å skrive under på at du har lest og forstått informasjonen og ønskjer å delta.

Set stor pris på om du /dokke vil hjelpe meg med arbeidet .

Vennleg helsing \*\*\*\*\*



---

**Stad**

-----

Prosjektansvarlege si underskrift

**Dato**

-----

Informanten si underskrift

## 8.2 Intervjuguide

Starte intervju med å fortelje litt om meg sjølv.

Formålet med intervjuet.

Tema og litt om bakgrunn.

Minne om teieplikta mi og at ingenting som verte sagt eller kjem fram intervjuet vil kunne sporast tilbake til informant.

### A. Byrje med at informant kan fortelje litt om barnehagen vi er i

- Kor stor barnehage. Kor mange barn og tilsette?
- Kor mange fleirkulturelle barn går i barnehagen no?
- Kor mange ulike språk er presentert i barnehagen?
- Vore stort mangfold lenge?
- Har barnehagen fleispråkleg personale?

### B. Så kan informant få fortelje litt om seg sjølv

- Når utdanna pedagog seg og har pedagog mange års erfaring som pedagogisk leiar?  
Tilsett lenge i denne barnehagen?
- Noko etterutdanning? Opp i mot det fleirkulturelle?

### C. Språk. Korleis kommunisere med foreldre der ein ikkje snakkar same verbal språk?

- Brukar dokke tolk? I uformelle situasjonar som til dømes garderobe situasjon der foreldre leverer og hentar har ein gjerne ikkje tolk tilgjenge. Korleis løyser dokke dette?
- Kven møter foreldra i garderobesituasjon og korleis blir dei møtt?
- Bruker barnehagen borna som tolk?
- Kva informasjon blir gitt ved levering og henting? Om det er mest praktisk informasjon, korleis få fram det pedagogiske innhaldet i kvardagen (kva barna har gjort, lært.. ) ?
- Korleis få fram den informasjonen ein ønskjer og vidare vite at foreldre har forstått?

#### **D. Samarbeid med fleispråklege foreldre**

- Korleis legg barnehagen til rette for samarbeid med fleispråklege foreldre?
- Metodar?
- Aktuell teori som grunnlag?
- Opplever barnehagen at dei fleispråklege foreldra oppsøker personalet og ønskjer eit samarbeid med barnehagen i kvardagen? Korleis, utdjup..

#### **E. Haldningar til personalet opp i mot det fleirkulturelle**

- Erfaringar barnehagen har rundt dette? Møtt på problem / utfordringar. Utdjup.
- Kva trur du er viktig at personalet har med ”i sekken” for å kunne ha eit godt samarbeid med foreldre der språk og kultur ikkje er likt?

#### **F. Den nye Rammeplan seier at vi skal sjå på mangfaldet i barnehagen som ein ressurs**

Kva tenkjer du rundt dette. Kva erfaring har du gjort deg i praksis, både positiv og negativ, om korleis jobbe med dette?

- Opp i mot foreldresamarbeid.

#### **G. Dette spm. til ein av barnehagane**

Seier at barnehagen er ein fleirkulturell barnehage. Kan du fortelje om kva dokke legg i dette?

### 8.3 Innsamling av data skjema for analyse

#### Oversiktsskjema for analyse av intervju (etter transkribering).

<b>Generelt</b>	<b>Informant 1</b>	<b>Informant 2</b>	<b>Informant 3</b>	<b>Kommentarar</b>
<b>Spørsmål / tema til informantane .</b>				
<b>Barnehagen</b>				
<b>Fleirspråklege assistentar?</b>				
<b>Tolk – erfaring? Born som tolk?</b>				.
<b>Kven møter borna og foreldre i garderoben? Korleis?</b>				
<b>Kva informasjon?  Korleis få fram det pedagogiske innhaldet i kvardagen?</b>				

<b>Korleis leggje til rette for godt samarbeid?</b>				
<b>Uformelt samarbeid, er det viktig opp i mot det formelle? Kvifor / kvifor ikkje</b>				
<b>Haldningar i personalet. (Ressurs omgrepet)</b>				
<b>Arbeid i barnehagen (Ressurs omgrepet)</b>				

